


# Kinesisk porselen

## í Noreg på 1700-talet



Petter Konrad Sandvik  
petter.sandvik@nyfm.no

**Omtale av boka med same tittel, utgitt av Museumsforlaget mai 2018, 160 sider, innbunde og rikeleg illustrert. Boka består i hovudsak av Randi Marie Johannesens (1924-2008) uutgitte magistergradsavhandling i kunsthistorie, som vart skreve i 1950-åra. Marie Fongaard Sein og Kari Telste har redigert boka, og skreve forord og omtala forfattaren av magisteroppgåva.**

Randi beskriver handelens oppstart, med danskekongen, Christian 4., som var energisk og interessert i handel og sjøfart, oppretta det første nordiske handelskompaniet. Dei hadde einerett på handel med Ostindia (India, Japan og Kina). Handelen gjekk dårlig i starten, og selskapet som vart oppretta i 1616 var insolvent i 1633. Det vart gjort fleire forsøk med nye føretak, og i 1732 blei Asiatiske Kompagni danna med ein oktroy (kongeleg privilegibrev). Frå 1772 fekk private handle med India og Japan, men ikkje Kina, det ville kongehuset fortsett ha all makt over.

### Porselenets historie

Det vart kjend allereie under det 7. århundre i Kina korleis porselen vart til, men fyst under Ming-dynastiet 1368-1644, vart det ein stor eksportvare for landet. I Danmark kom den fyste porselensfabrikken i stand i 1775, og i Sverige i 1760-åra. I Noreg, er den mest kjende og fyste, Porsgrunds Porselænsfabrik, etablert i 1887, hundre år etter nabolanda.

I hovudsak er porselen brukt til ulike føremål for mat, men også viktig som materiale i servantar, isolatorar, dørhandtak og andre reiskap, sidan det er slitesterkt og let seg forme.

Kinesiske arbeidarar gjorde så godt dei kunne for å etterlikne europeiske førebilde og teikningar, sidan spesielle

bestillingar ofte førekomm. Dette var ofte heilt uforståeleg, det var jo ikkje likt deira språk, så det var heller ikkje uvanleg at rettleiningar vart måla på dekorasjonane, speilvende bokstavar, eller feilstava rim og ordspel. Det var nok ikkje lett å vere kinesisk arbeidar!

### Porselen som vare


Porselenets samansetning er spesielt, og vart ikkje før i starten av 1700-talet oppdaget i Europa, nærmere bestemt Sachsen i Tyskland. Det som skilja porselen frå anna keramikk er at det innhald kaolin, som gjer at det vert heilt kvitt ved brenning, og gjennomskinleg.

For kinesarane som først byrja å bruke kaolin, var det ikkje ei tilfeldig oppdaging, men eit resultat av ei gradvis utvikling gjennom generasjonar. Ein anna hovudbestanddel er petuntse, som smelter ved sterk oppheting, og går over til å bli noko som liknar glas. Kinesarane kallar dette kjøttet, og kaolinen for skjelettet i porselenet. Andre ingredienser er knust stein, kvarts, og feltspat. Etter at gjenstanden ein ska lage er forma og tørka, brennast den ved 900-1600 grader celsius.

### Norsk import

Importen til Bergen, i 1742 vart 6778 par tekoppar, 120 tekannar, 500 kaffikoppar, 529 spilkummar og meir, samt ei kiste i porselen. Dette stammar frå hovudtollbøkene for Bergen, den fyste som er bevart, som er frå 1731 innhald ikkje noko porselen, men i 1733 er det kome på banen, med 24 tallerkenar, 49 spilkummar, 8 par tekoppar og ei tekanne med fat. I 1769, tretti år etter denne statistikken, hadde Bergen 18 827 innbyggjarar, noko som synar til at mange drakk av porselenskoppar etter kvart. Importen stagnerte seinare og gjekk tilbake, frå 1780-åra.

Boka er alt i alt omfattande om emnet, med både statistikk, og mange illustrasjoner. Den skildrar eit arbeide frå gammalt av, handarbeidet, kulturutveksling i form av bestillingar med ukjende språk som skulle etterliknast og kommunikasjonen, og kinesarar som gjorde sitt beste. Farefulle ferder på veg til Østen, skip som forsvann, og ikkje minst ulike teknikkar innanfor porselen, porselensmåling og lokal porselensforhandling i Noreg.



Randi M. Johannessen  
Redigert av Marie Fongaard Sein og Kari Telste

## KINESISK PORSELEN I NORGE PÅ 1700-TALLET



MUSEUMS-  
FORLAGET



Ein porselenvase fra 1760 og 1765, på Marstallmuseet i Nymphenburg, München i Tyskland Foto: Wikimedia